

Vitensenteret i Sogn og Fjordane as

Sogndal Kommune

v/administrasjon

postmottak@sogndal.kommune.no

Sogndal, 6. november 2018

INNHALD OG INSTALLASJONAR TIL VITENSENTERET

Vi viser til planane om etablering av eit regionalt vitensenteret i Sogn og Fjordane, der Sogndal kommune er vertskommune og hovudbrukar. Prosjektet har utvikla seg raskt og opning er no planlagt til skulestart 2020.

Status for prosjektet

Selskapet Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS er stifta med ei brei eigarsamansetning. Marianne Jevnaker er tilsett som dagleg leiar i selskapet frå 1. oktober, og vil ha ansvaret med å koordinere og fullføre planlegginga av senteret. Planlegging av bygg og innhald, samt teikning av samarbeidsavtalar med skulebrukarar og næringsliv, er allereie i gang. Det er gjennomført idemyldringar der skular og næringsliv har vore med, og det er eit stort engasjement rundt prosjektet.

Fylkestinget har slutta seg til løysinga der fylkeskommunen bygger senteret og at vi får ein sambruk med Transport- og Logistikklinja til Sogndal vidaregåande skule på Kaupanger. Fylkeskommunen er også inne med eit monaleg investeringstilskot til bygginga av Vitensenter-delen av prosjektet. Høgskulen på Vestlandet har teke på seg å leie det faglege arbeidet med innhaldet og installasjonane i senteret.

Finansiering av innhald og installasjonar

Det er budsjettert med 12-15 millionar i prosjektkostnader for konseptutvikling, design, produksjon og installasjon fram til opning sommaren 2020. I vår forretningsplan er det lagt til grunn ein investering på min. 10 millionar for utvikling av innhald og installasjonar i perioden 2018-2020. Målet er at dette skal finansierast i form av gåver og tilskot. I oktober fekk prosjektet 2 mill. i gåvestønad frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane. Ein føresetnad for å utløyse midlane frå SSF er at prosjektet får minimum 4 millionar i finansiering frå andre aktørar. Prosjektet har fleire søknader inne hjå ulike stiftingar og næringsaktørar, og prosjektet er avhengig av 10-12 mill. i utviklingsmidlar for å kunne skape eit relevant innhald. Erfaring frå andre vitensenter er ei høgare utviklingskostnad, og prosjektet har fokus på å vere smarte og nøysame i utviklinga av konseptet. Utvikling av innhald og installasjonar parallelt med oppføring av bygget vil gjere det mogleg å hente ut synergjar og dermed halde kostnaden på 10 millionar.

Adresse
Skarpeteigvegen 1
6854 Kaupanger

Mobiltelefon
+47 908 39 860
E-post:
mj@vitensentersfj.no

Bank
3633.52.01684
Org. nr.:
918 182 101

Vitensenteret i Sogn og Fjordane

Prosjektet med etablering av Vitensenteret er i 2018 ein del av 10-på-topp i økonomiplanen. Sogndal er vertskommune for dette store prosjektet som gir investeringar for over 100 millionar i bygg og anlegg, og tilfører 8-12 kompetansearbeidsplassar. Bygget vil romme både ny VGS og Vitensenter, og vil vere utløysande for meir næringsaktivitet.

Prosjektet er i ei kritisk fase i høve finansiering av innhaldsutviklinga. Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS er registrert i frivillighetsregisteret, og er ein ideell organisasjon.

Vitensenteret i Sogn og Fjordane ber om 3 millionar i utviklingsmidlar til etablering av dette senteret i 2019. Midlane vil vere essensielt for prosjektet.

Installasjonane vil vere ein kombinasjon av eigenproduksjon i tett samarbeid med HVL og lokalt næringsliv, samt innkjøp frå anbefalte produsentar i inn- og utland. Alt må settast inn i ein heilskap for besøkande.

Vi stiller sjølvstøtt opp og orienterer om prosjektet om de finn det føremålsteneleg.

Med venleg helsing



Tor Arne Ness
Prosjekteigar
908 39 860



Marianne Jevnaker
Prosjektleder
481 89 438